

Bygger utefjøs for ammekyr

15.09.2014

Endre Harald Wang, har søkt om igangsetjingsløyve for eit uisolert, enkelt utefjøs for ammekyr på Haugland. Fjøset vert 178 kvadratmeter stort. Kommunen strekar under at det må takast mogleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området. Dersom det vert funne fornminne, skal fylkeskonservatoren varslast.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Naboar og gjenbuarar er ikkje varsla då tiltaket ligg svært langt frå naboeigedommar. Det er isamsvar med avstandskrava til nabogrense, annan bygning og høgspenline og har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.

Landbruket har ingen merknad til plasseringa og og det er ikkje registrert nokon truga artar eller naturtypar i området. Fylkeskommunen har gjeve uttale til overflatedyrking av eit areal på 30 dekar som ligg 6 meter frå den omsøkte plassering. og det har ingen merknader til kulturminne i området. Omsynet til kulturminne er dermed godt ivareteke.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen